Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune -
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Sigmund Bødal / 55516146 | 15/207487-7 | | 20.04.2016 |

## Oversending av klage på vedtak. Gnr. 15 bnr. 387 - Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Advokat Helgesen motteke hos oss 01.04.16, med klage på vedtak fatta av Statens vegvesen 14.03.16.

### Kva saka gjeld

Statens vegvesen mottok 11.09.16 søknad frå Åstveit bygg om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på Fv 562 frå gbnr15/387 for etablering av ein tomannsbustad. Gbnr 15/387 er lokalisert i uregulert området, medan omsøkte avkøyrsle er ein del av reguleringsplanen for Brattstien, Plan 157. Regulert avkøyrsle omfattar ein samanslåing av avkøyrsler til Brattstien og Fagerdalen til ein felles avkøyrsle på Fv 562. I dag ligg desse avkøyrslene berre 20 meter frå kvarandre på Fv 562. Søkjar ønsker å bruke eksisterande avkøyrsel frå Brattstivegen slik han ligg i dag.

### Statens vegvesen si vurdering

All den tid det er regulerte løysingar for tilkomst til Fv 562 må desse leggast til grunn ved etablering av nye tomter. Reguleringsplanen er det overordna dokument som styrer arealbruken ved avkøyrselspunktet. Planen er stadfesta ved kommunalt vedtak. Det er viktige trafikale element som er lagt ned i reguleringsarbeidet. Området som omsøkte tomt ligg i er i dag uregulert, men er avsett til bustad i kommuneplanen. Potensiale for fleire tomter i dette området er absolutt til stades. Dette vil ein nok merke i tida som kjem etterkvart som bustadareal på søre del av Askøy vert fylt opp. Dette vil naturleg nok føre til fleire biler og mjuke trafikantar i avkøyrsla.

Utfordringane med avkøyrslene på staden er at det innanfor ein distanse på om lag 70 meter er det tre - 3 avkøyrsler som ligg i eit svingparti. Avkøyrsel til Brattstien og Fagerdalen, samt avkøyrsle til Askøy brannstasjon og Teknisk etat hos Askøy kommune. Mellom dei to første er det om lag 20 meter. Som bilde nr 1 frå Advokat Helgesen viser er det uoversiktleg på staden og vanskeleg å sjå kva som kjem ut av avkøyrsla frå Fagerdalen. Dette er nok også


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Nygårdsgaten 112 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost@vegvesen.no | 5008 BERGEN | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

noko av årsaka til at desse avkøyrslene er regulert som ei felles i Plan 157. Statens vegvesen si erfaring med vegar med mange avkøyrsler er at desto fleire avkøyrslar ein har desto større er risikoen for trafikale ulukker. I området kring avkøyrsla er det registrert 11 ulukker. Vårt trafikksikringsarbeid har som hovudmål å redusere talet på drepne og hardt skadde (0 – visjon). Reguleringsplanen for Brattstien er i så måte eit godt reidskap der talet på avkøyrsler vert redusert. Vi gjer merksam på at Fv 562 har ein døgntrafikk på 11000 bilar på staden. Denne fylkesvegen går i dag meir eller mindre gjennom eit bustadområde, der det er viktig å redusere uheldige trafikale punkt.

Advokat Helgesen har i si klage holdt fram to døme for å vise at Åstveit bygg er blitt handsama annleis enn andre. Det første gjeld eigedom på gbnr 15/475 som i 2012 fekk byggjeløyve og brukar omsøkte avkøyring. I denne saka viste Statens vegvesen til gjeldande reguleringsplan, plan 157 og hadde ei negativ innstilling i saka. Saka vart handsama politisk i kommunen, men vedtaket i saka vart aldri oversendt Statens vegvesen for klagehandsaming. Vi vart først klar over vedtaket ved arbeid med denne saka.

Vidare er det vist til eigedom på gbnr 15/53. Denne eigedomen ligg langt unna avkøyrselsområdet i denne saka (sjå oversiktskart). Kommunen har gjeve byggjeløye i 2013 og eigedomen har fått tilkomst til offentleg vegnett via kommunal veg. Dette er altså ei sak mellom grunneigar og Askøy kommune. Statens vegvesen er ikkje involvert på nokon måte. Med dette som bakgrunn kan ikkje Statens vegvesen sjå at vi har handsama Åstveit bygg annleis enn det vi har gjort og kjem til å gjere i andre saker i dette området.

Det er riktig slik advokat Helgesen fremstiller det at det i den seinare tida er gjort trafikale forbetringar på Fv 562 med etablering av fortau og gangfelt, samt nedskilta fart frå 60 til 50 km/t. Likevel endrar dette ikkje på reguleringsplan 157 og dei utfordringane det er å ha to avkøyrsler så tett på kvarandre med ein fylkesveg meg døgntrafikk på 11000 biler. Reint fysisk er det ikkje store utfordringar som ligg i vegen for at ein kan byggje avkøyrsla slik reguleringsplan 157 viser.

## Samanfatning

Statens vegvesen står fast på vedtaket om å avslå utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå gbnr 15/387. Reguleringsplan 157 viser at dagens avkøyrsel skal leggast saman med avkøyrsel til Fagerdalen. Reguleringsplanen styrer arealbruken ved avkøyrselspunktet på Fv 562. Ved å redusere talet på avkøyrsler vil ein også redusere risikoen for trafikkulukker på staden. Askøy kommune sin plan legg soleis opp til trafikale løysingar som forbetrar trafikktryggleiken i området. Statens vegvesen si klare meining i denne saka er at reguleringsplanen må følgjast.

Vi sender med dette saka over til Hordaland fylkeskommune si klagenemnd for endeleg handsaming. Vi oppfordrar fylkeskommunen til å støtte oss i trafikksikringsarbeidet og leggje til rette for gode og trygge framtidige trafikale løysingar på Haugland.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Vedlegg : Oversiktskart med forklaringar
Plankart Regplan 157
Oversiktskart i farger

Åstveit bygg as – Søknad om utvida bruk av avkøyrsle frå 15/387. 11.09.15
SVV – Svar – søknad om utvida bruk av avkøyrsle gbnr 15/387. 21.10.15
SVV – Vedtak Fv 562 Utvida bruk av avkøyrsle gbnr 15/387. 14.03.16
Advokat Helgesen – Vedr gbnr 15/387 i Askøy-Klage på vedtak. 04.04.16

Kopi
Advokat Roald Helgesen, Storebotn Næringspark 55G, 5309 KLEPPESTØ
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

**Fra:** noreply@vegvesen.no på vegne av Sharp mfp <noreply@vegvesen.no>
**Sendt:** 21. april 2016 12:36
**Til:** Bødal Sigmund
**Emne:** Skannet bilde fra MX-5112N
**Vedlegg:** Skann_20160421_123542.pdf

*ADVOKAT*
**ROALD HELGESEN**
*MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING -*

15/207487-6
442- 1247

MOTTATT
06 APR 2016
Statens vegvesen
Region vest

*Org.nr.979108443*
*E-Mail:* helgesen@jussnett.no
*www.jussnett.no*

Statens Vegvesen
Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

**Deres ref.:15/20748-5**

**Att: Sigmund Bødal**

Storebotn, den 4.april 2016

**VEDR. GNR.15 BNR. 387 I ASKØY – KLAGE PÅ VEDTAK**

Statens Vegvesen fattet 14.03.2016 slikt vedtak:

*«Med bakgrunn i ovannemnde og med heimel i veglova §§40 og 43 vedtek regionskontoret å avslø søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på Fv 562 fra gnr.15/387».*

På vegne av søker påklages herved vedtaket.

Det fremholdes at Statens Vegvesen har lagt en altfor streng vurdering til grunn og at vedtaket dessuten fremstår som urimelig og medfører forskjellsbehandling.

Søker skal etablere tomannsbolig på tomten gnr.15 bnr.387 like ved sin bestefars eiendom og finner Statens Vegvesens vedtak urimelig.

Statens vegvesen legger ved sin avgjørelse til grunn at eksisterende reguleringsplan medfører en plikt til opparbeidelse av ny avkjørsel for bnr.387.

Bakgrunnen for den etablerte reguleringsplanen var en helt annen og omfatter et helt annet området enn tilførselsveien til søkers eiendom. Planområdet gjelder en omfattende utbygging av en annen eiendom og den tilfeldighet at planen viser utkjørsel på samme sted som tilførselsveien til bnr.387 kan ikke medføre «byggeforbud» på søkers eiendom. Med bakgrunn i manglende skolekapasitet er det all grunn til og tro at planområdet ikke vil bli utbygd i overskuelig fremtid og at dette skal få den konsekvens at søkers eiendom ikke kan bebygges med tomannsbolig blir feil.

**Post og besøksadresse:**
**Storebotn Næringspark 55G**
**5309 KLEPPESTØ**

**Telefon: 56 14 63 90**
**Telefaks 56 14 63 91**
**Mobil 90 56 50 88**

**Driftskto. 8580.85.05563**
**Klientkonto.8580.05.32367**

Siden planen ble vedtatt har det i tillegg blitt foretatt en omfattende oppgradering av Fv 562, det er etablert fortau for gående og det er etablert trafikklysregulering i begge ender av utkjørselen på Fv562. Fartsgrensen på stedet er også nedsatt til 50km/t.

Eksisterende utkjørsel er etablert på et meget oversiktlig sted med mer en 100 meter frisikt i begge retninger og dette må være avgjørende for og kunne gi adgang til utvidet bruk. I vedtaket blir det også vist til at i «samme området» ligg kryss til Askøy Brannstasjon og Teknisk Etat hos Askøy kommune. Denne adkomsten ligger på et oversiktlig sted ca. 100 meter fra omsøkte utkjørsel. Det vises til vedlagte bilde 1 hvor aktuell bygning fremkommer. På samme måte fremlegges bilde 2 som viser meget god oversikt den motsatte vei i utkjørselen.

Utfra de faktiske forhold kan søker vanskelig se at en eldre reguleringsplan på en annen eiendom hvor det er innregulert en omfattende bebyggelse, skal være avgjørende for hans ønske om bebyggelse av tomannsbolig på bnr.387.

Ekstra urimelig blir vedtaket når faktum er at eiendommen gnr.15 bnr.475,- som ligger innenfor reguleringsplanen, har fått byggetillatelse og rett til utvidet bruk i samme utkjørsel så sent som i 2012, uten at det stilt krav om opparbeidelse av utkjørsel i hht plan.

En må kunne kreve likebehandling for bruk av samme utkjørsel

Et annet eksempel er gnr.15 bnr.53 som ligger utenfor det regulerte området men kommer ut i Fylkesveien via kommunal vei. Her ble det gitt byggetillatelse for bolig så sent som i 2013. Trafikkgrunnlaget på Fylkesveien er akkurat det samme på dette stedet.

Når det gjelder Fylkesvei 562 er det sannsynlig for øvrig at Fylkesveien blir omlagt i forhold til nåværende trasè og utkjørselen på det aktuelle stedet vil ventelig komme ut i en lokal vei.

Oppsummert vil en på vegne av klager anføre at alle forhold tilsier tillatelse til utvidet bruk. Eksisterende avkjørsel har mer enn 100 meter frisikt til begge sider og det er trafikkregulering med lys på begge sider av utkjørselen. I tillegg er det opparbeidet fortau for gående og fartsgrensen er nedsatt til 50km/t på stedet.

Med henvisning til ovennevnte krever en at Statens Vegvesen omgjør sitt vedtak av 14.03.2016 og innvilger dispensasjon for utvidet bruk for bygging av ny tomannsbolig på gnr.15 bnr.387.

Om vedtaket fastholdes kreves klagen fremlagt for klageinstans til behandling. En anser det som nødvendig at det blir gjennomført befaring ved klageinstansen behandling.

Med vennlig hilsen

______________________
Roald Helgesen
Advokat

Kopi: Helge Åstveit



(2)



**Statens vegvesen**

Advokat Roald Helgesen
Storebotn Næringspark 55G
5309 KLEPPESTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Sigmund Bødal / 55516146 | 15/207487-5 | | 14.03.2016 |

# Fv. 562 - Utvida bruk av avkøyrsle - Gnr. 15 bnr. 387 i Askøy kommune - Vedtak.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Det er teke kontakt med Statens vegvesen for å få utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på Fv 562 frå gbnr 175/387 for ein tomannsbustad. Kryssområdet der omsøkte avkøyrsle er lokalisert er ein del av reguleringsplan 157 i Askøy kommune, Brattstien.

Avkøyrsla slik ho er utforma i dag har manglar i høve Vegnormal N100 med tanke på stigning og drenering. Avkøyrsla har i dag så mange brukarar at ho er å oppfatte som eit kryss. 20 meter sør av omsøkte avkøyrsle kjem eit nytt kryss ut i Fv 562, med veg frå Fagerdalen. I same området ligg kryss til Askøy brannstasjon og Teknisk etat hos Askøy kommunen. Fv 562 har i dag ein døgntrafikk (ÅDT) på 11000 biler på staden. Slik vi forstår søkjar ønskjer han å nytte avkøyrsla slik ho er utforma i dag.

All den tid det er ein reguleringsplan som regulerer krysset er det den arealbruken ein må forhalde seg til ved nye avkøyrselsløyver frå område, som ikkje inngår i reguleringsplanen. Reguleringsplanen viser at krysset mot Brattstien og Fagerdalen vert utforma som eit kryss, med plassering der dagens kryss til Brattstien er lokalisert. Bak denne utforminga ligg velfunderte trafikkfaglege vurderingar med tanke på trafikktryggleiken på staden, mellom anna i 0-visjonen til Statens vegvesen og det faglege sektoransvaret vi har for trafikktryggleik på fylkes og riksvegar. Det kjem i dag eit større tal av bilar ut på Fv 562 frå begge kryssa. Det er ei trafikal utfordring med to kryss som ligg 20 meter frå kvarandre i eit svingparti, der passerer 11000 biler i døgnet. I eit slikt svingparti er det meir enn nok med eit avkøyringspunkt og minstekravet til kryss i Vegnormal N100 er på 200 meter for denne type veg. Dette med tanke på svingemønsteret ut og inn av kryssa og med tanke på påkøyring bakfrå. Særleg i vinterhalvåret er dette særleg utsett med glatte vegar og mørke. I tillegg fell vegen frå Brattstien ut i Fv 562, dette medfører at nedbør også kjem ut i fylkesvegen og kan skape glatte parti.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

**Samanfatning**
Alt i alt representerer vedteken reguleringsplan ei betre trafikal løysing enn det som er dagens situasjon. Å tillate auka trafikk på eksisterande avkøyrsle utan utbetringar etter reguleringsplanen vil vere i strid med vårt sektoransvar for trafikktryggleik, samt 0 visjonen som legg til grunn 0 hardt skadde og drepne i trafikken. Reguleringsplanen gjev eit felles avkøyringspunkt frå hovudvegen med vesentlege lågare potensiale for trafikkulukker med tanke på kryssande svingebevegelser og påkøyring bakfrå. Med auke i busetnaden både i området kring Brattstien og i Fagerdalen er Statens vegvesen av den oppfatning at reguleringsplanen, plan 157 må følgjast for å gje eit framtidsretta og mest mogleg trygt trafikalt miljø på staden.

**Vedtak**

Med bakgrunn i ovannemnde og med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Regionsvegkontoret å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på Fv 562 frå gbnr 15/387.

Klagerett.
Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Kopi
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Statens vegvesen

Åstveit Bygg
Høglivegen 17
5310 HAUGLANDSHELLA

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Sigmund Bødal / 55516146 | 15/207487-1 | | 21.10.2015 |

## Svar – Søknad om utvida bruk av avkøyrsle frå gbnr 15/387 på F562 i Askøy kommune

Vi viser til kontakt pr tlf og til oversendt søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på Fv 562.

Slik vi forstår det er det aktuelt å føre opp ein tomannsbustad på gbnr 15/387 i tillegg til bustad som er på eigedomen. Det er i samband med dette at ein no søkjer om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på fv 562.

Omsøkte avkøyrsle er omfatta av reguleringsplan 157 Brattstien, Søre Haugland. Ved synfaring på staden vart det klart at avkøyrselssituasjonen på staden ikkje er i samsvar med reguleringsplanen. Statens vegvesen vurderer at dersom ein skal kunne tillate auka trafikk i denne avkøyrsla, så må ho utbetrast med ei slik utforming som reguleringsplanen legg til grunn.

Dette betyr mellom anna at veg frå Fagerdalen skal førast inn på krysset og dagens tilkomst for denne vegen på Fv 562 stengast. I tillegg skal avkøyrsla ha svingradiusar slik planen legg til grunn. Avkøyrsla har i dag fall ut mot Fv 562. Det er eit krav frå vår side at avkøyrsla har fall vekk frå Fv 562 slik at overvatn ikkje renn ut i fylkesvegen, men finn vegen inn i lokalt dreneringssystem. Andre tekniske krav må også vere i samsvar med reguleringsplanen.

Statens vegvesen vil oppfordre til at ein tek kontakt med firma med vegfagleg kompetanse som kan utforme tekniske teikningar for avkøyrsla i samsvar med reguleringsplan 157. Dette for å sikre teknisk gjennomføring av tiltkat. Vi ber om at dei tekniske teikningane tek utgangspunkt i handbok R - 700. Før ein starter opp arbeid med endring av eksisterande avkølyrsle skal dei tekninske teikningane oversendast Statens vegvesen for godkjenning. Det må også innhentast graveløyve for tiltaket, samt utarbeidast arbeidsvarslingsplan når den tid kjem.


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Nygårdsgaten 112 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost@vegvesen.no | 5008 BERGEN | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

Plan og forvaltning, Bergen
Med hilsen

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Kopi
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, Boks 7900, 5020 Bergen
*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

**Bødal Sigmund**

**Fra:** Helge Åsttveit <aastveitbygg@hotmail.com>
**Sendt:** 11. september 2015 09:01
**Til:** Firmapost-Vest
**Emne:** Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser, 14419611319093191329307248487
**Vedlegg:** 11924842_10153574658425903_876243066_n.jpg

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **14419611319093191329307248487**

## Steg 1 av 6

**Søknaden gjelder for**
Meg selv

**Har den du søker for gitt samtykke?**
Ikke relevant

**Personen som det søkes for:**
Helge Åsttveit

## Steg 2 av 6

**Type veg:**
Fylkesveg

**Vegnummer:**
562

**Kommune:**
Askøy

**Fylke:**
Hordaland

**Regionens epost:**
vest

**Gnr:**
15

**Bnr:**
387

**Festenr:**

**Arealformål:**
regulert til boligformål

**Regulert område?**
ja

**Detaljkart:**
11924842_10153574658425903_876243066_n.jpg

## Steg 3 av 6

**Søkes det om avkjørsel:**
ja

**Søknad om avkjørsel:**
Ny bolig/boenhet

**Søkes det om dispensasjon fra byggegrenser:**
nei

**Søknad om dispensasjon fra byggegrenser:**
Ikke relevant

**Annet:**
Ikke relevant

**Minste avstand fra nærmeste punkt på bygget til midten av vegen:**
Ikke relevant

## Steg 4 av 6

**Begrunnelse:**

Skal bygge tomannsbolig på egen tomt og søker om å få bruke utkjørselen

**Begrunnelse vedlegg:**
Ingen filer vedlagt

## Steg 5 av 6

**Navn:**
Helge Åsttveit

**Adresse:**
Høglivegen 17
5310 Hauglandshella

**Telefon:**
97769098

**E-post:**
aastveitbygg@hotmail.com

## Steg 6 av 6

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet


Ravnangervegen
Hilleren
A
Høglivegen
Fagerdalen
Ravnangerveg